


«AMBROSIAHUSET»



«AMBROSIAHUSET»

2.01

- Namn:** «Runeplassen». Nyhaugen i Birkeland, Fana, Bergen.
- Bruk:** Bustad.
- Årstal:** 1890-talet. Ombygging 1911.
- Bruksstad:** Fjøsanger, Bergen.
- Adresse:** Fjøsangerveien 119
- Gnr./Bnr.:** 15/307. (Tidlegare bruk nr. 27 og 31)
- Mål:** 11.10 m x 6.40
- Byggemåte:** Lafta tømmer, grunnmur, kjellar, utvendig kledning, liggande bord.
- Planløsning:** To høgder, kjellar. Gang med trapp til andre høgda. Opphavleg eitt rom, kove og gang. Etter utbygginga i 1911 vart det lagt til fleire rom og veranda. Vannklosett i første høgda er ei enda seinare endring. Endringar på museet: Dusj/toalett og kjøken i andre høgda.
- Materiale:** Tømmer, kvitmåla bordkledning, skifertak, kvitpussa kjellarmur av naturstein. Alle tak trekte med strie, kvitmåla. Måla veggjar i andre høgda, måling i eine stova i første høgda, originaltapet i andre rommet. Måla tregolv i alle rom, unnateke kjøken og dusjrom som har golvbelegg.
- Innkome år:** 1992.
- Gåve/kjøp e.a.:** Gåve frå Bergen kommune og Hordaland Vegkontor.
- Attreist år:** 1992 - 1995.
- Siste eigar/brukar:** Bergen kommune.
- Finansiering:** Bergen kommune, Hordaland Vegkontor.

Huset i Fjøsangerveien 119 kom til Hordamuseet i 1992 då vegen skulle utvidast med fire felt. Sjølv om nr. 119 på den tida låg midt i eit bymiljø, var bygningen opphavleg bustadhuset på eit bruk, og var av den grunnen interessant for Hordamuseet. Kunstnaren Ambrosia Tønnesen kjøpte eigedomen i 1911, noko som og var avgjerande for Hordamuseet. Bergen kommune fekk huset av Statens Vegvesen, avd. Hordaland, saman med framlegg om at huset skulle setjast opp på eit museum. Hordamuseet vart spurd om å ta ansvaret med å reoppføre huset, noko som kunne gjennomførast med hjelp både av Hordaland Vegkontor og Bergen kommune.

Ambrosia Tønnesen var fødd i Ålesund, men budde som vaksen i Bergen. Ho fekk si utdanning i Kjøbenhavn, Berlin og Paris.

Av hennar meir kjende skulpturar er portrettet av Ole Bull som står i inngangshallen til Den Nationale Scene i Bergen, og portrettet av J. C. Dahl som er plassert på fasaden til Vestlandske Kunstindustrimuseum i Bergen.

Då Ambrosia Tønnesen vart eigar i 1911, bygde ho om og la til fleire rom i huset som opphavleg hadde ein tradisjonell romplan. Ved ein branntakst i 1893 vart huset skildra soleis: *Indredet med en større og mindre stue samt gang, kjøkken og spisekammer, i loftetagen en større sal med 2 sidekammere, Kjøkken, spisekammer samt klædekammer.* Det synest som om huset må ha hatt to familier buande. Det har ikkje vore store plassen dei har hatt til rådvelde.

Huset må vere bygt etter 1890 og før 1893. I bygdeboka for Fana frå 1933, skriv Hermod Hjeltestad at Nyhaugen berre hadde to bruk i 1856. I 1890 var her 16 bruk, og i 1906 var





Runeplassen - Fjøsangerveien 19

talet kome opp i 69. Vi veit at huset fekk branntakst i 1893 av dåverande eigar Johan Bengtson, at jarnbanen kom i 1893, og at Ambrosia Tønnessen fortel i 1912 at ho kjøpte huset av «stationsmester Johan Bengtson» og at bruket hadde nr. 27. Branntaksten frå 1893 seier ikkje noko om at huset er nytt, men det har ikkje vore forsikra tidlegare, så det er truleg at det var den nye stasjonsmeisteren som var byggherre. Han let i alle fall huset få ein utsjånad som var vanleg for gardshus i området. Det var først Ambrosia Tønnessen som endra huset til ein «villa».

Ambrosia Tønnessen bygde ut huset på eine langsida. Ho la til eit stort rom , utvida koven til eit kjøken og gang på baksida, la og til eit stort rom i andre høgda og fekk veranda på den nye gavlsida. Huset fekk frå no av ein moderne villautsjånad. Ho bygde og eit atelier i hagen. I hagen hadde ho både nytte- og prydvекstar. Ei tid hadde ho og både kyr, sauer, hest, høns og kalkunar. Kvar sommar drog ho «til støls» til eigedomen ho hadde på Grimseid litt lenger ut i Fana. Atelieret og hagen finst framleis på same staden i Fjøsangerveien, og huset og hagen på Grimseid er uendra og høyrer til hennar slektningar.


«Runeplassen» har hatt mange eigarar etter Ambrosia Tønnessen, og har vore gjennom fleire moderniseringar. Slik huset står på Hordamuseet, har ein tatt omsyn til alle periodar for å syne korleis eit hus endrast for ulike krav og ulike brukarar.



På museet er andre høgda innreidd som ein moderne bustad, med kjøken, badrom, soverom, stove og eit stort rom som er tenkt til atelier for kunstnarar som vitjar Bergen og Hordaland som stipendiatar.

Oppsettinga av «Ambrosiahuset» har vore ein serleg interessant prosess. I samarbeid med Arbeidsmarkedsavdelinga i Bergen kommune og Arbeidskontoret på Nesttun, har Hordamuseet gjennomført fleire såkalla AMO-kurs for arbeidsledige handverkarar. I eit skriv har ein representant for Arbeidsmarkedsavdelinga uttrykt tanken med kurset på denne måten: «Kulturminnevern handler om mer enn å ta vare på tingene. En grunntanke ved Hordamuseet er å oppskatte kreativitet, og ta vare på kunnskapsarven. Det er ikke nok å redde et hus. Den kunnskapsmengden som ligger omkring byggingen av disse husene er en del av vår kulturhistorie. Vårt effektive samfunn risikerer at gamle håndverkstradisjoner dør ut med den gamle generasjon. Ved å engasjere arbeidsledige tømrere, ville en få revet og flyttet huset på en skånsom måte. De arbeidsledige ville få hevet sin kompetanse, og styrket sine sjanser på et vanskelig arbeidsmarked. Flyttingen og gjenreisningen ville på denne måten få form som en skole i restaurering. Ved å reise huset på Hordamuseet, ville huset gå inn som en del av museumsdriften, og gi Ambrosias liv og gjerning den plass i norsk historie hun fortjener.»

Etter at Ambrosia Tønnessen hadde kjøpt og bygt om huset, vart det halde branntakst. Branntaksten vert attgjeve her, både som eit døme på korleis ein branntakst var, og samstundes gjev han oss mykje kunnskap om «Ambrosiahuset» si historie: «Aar 1912 den 18 november blev efter forlangende av frøken Ambrosia Tønnessen, som nuværende eier av gn.15 bn. 27 og 32 Nyhaugen i Fana tinglag en brandtax avholdt sammested over de paa parcellen bn 27 ombyggede huse der skal indlemmes i Landets almindelige brandkasse. Forretningen administreredes av brannmanden autoriserede betjent H. S. Chjervold (?) og var tilstede som taxtmænd Brigt Birkeland, Johan Ekeberg og Lars Haugsdal. Frøken Ambrosia Tønnessen var tilstede og oplyste at parcellen gn 15. bn.27 har tidligere tilhørt Stationsmester Johan Bengtson



og de gamle huse var taxeret ved forretning av 18 april 1893. Siden hun i februar 1911 kjøpte eiendommen har hun ladet husene helt ombygge, saa der omtrent intet er igjen av det gamle vaaningshus, hvorfor der nu maa avholdes ny taxt. Hun har i 1912 kjøpt bn. 112 og 122 og det hele er indhegnet under et med Stakitgjærde.

Vaaningshus i en etage med messanin 6.70 m.l. 6.40m.b. og 4.10 m.h. Mot vest en fløi. 1 etage med messanin 4.40 m.l., 6.10m b. og av høide som hovedpartiet. Huset er opført av tømmer med utvendig bordkledning og indvendig betrukket og malet og tækket med skifer på sutak. Huset staar paa kalk og cementbeslaat graasteinsfundament, hvori kjælder av indvendig høide 2 meter, underkledt, med cementgulv over det hele og inddelt ved paneling i 4 rum, hvorav et rum har ildsted.

1te etage indeholder 3 værelser, hvorav 2 med ovne, kjøkken med 2 spiskammer og gang. Fra det ene værelse er utbygget en carnap. Messaninetagen indeholder 3 værelser med ovne 2 kammer og gang og lokum med forgang. Mot vest er fra fløien i messaninen utbygget en aapen altan. Ildstedernes rørledninger utmunder i 2 lodpiper. Vandledning med pumpe og vandtank i gangen. «

I tillegg hadde Ambrosia Tønnessen bygt både atelier, stall og hønsehus, og om det heile var altså eit stakittgjærde.

Hovudhuset er likeeins i dag, med «lokum» på plass, rett nok som eit moderne vannklosett.

Og for å halde den tidlegare kunstneriske verksemda i huset i hevd, vonar vi at kunstnarar skal halde til i huset i åra framover - som stipendiatar i bustaden i andre høgda - eller «messaninen». Takstmennene rekna ikkje andre høgda som heil sidan ho var innreidd delvis under taket, soleis at alle rom fekk skråtak. Eit sjarmerande element i ein moderne bustad!